

Utsyn frå utkanten

Vinje, Hamsun og det anglo-amerikanske

Peter Fjågesund

I 1863 gjev Aasmund Olavsson Vinje ut boka *A Norseman's Views of Britain and the British*, basert på eit års opphald i landet – fyrst to-tre månader i England og resten i Skottland. Ti år seinare, dvs. tre år etter at Vinje har gått bort, kjem den norske utgåva, *Bretland og Britarne*, som Vinje sjølv hadde omsett omtrent to tredelar av, og som stortingsstenograf Halfdan Halvorsen hadde slutført. I 1889 viser ei ny stjerne seg på den litterære himmelen med boka *Fra det moderne Amerikas Aandsliv*. Boka kjem ut i København, og forfattern er Knut Hamsun, som nett er heimkomen etter å ha budd til saman meir enn fire år i Amerika.¹

Både desse bøkene er på eit vis reiseskildringar – ikkje fullt og heilt, for dei gjev i liten grad eit bilete av geografi, landskap og natur, slik denne sjangeren ofte gjer. Rett nok seier Vinje på fyrste sida, og på karakteristisk vis, at «[e]g hever ridit Tivfottingen i Hundradtals Engelske Miler att og fram gjennom dei

einslege Dalar og Saudsætrar i dei Skotske Fjellbygdar» (Vinje 1873, s. 1),² men likevel gjev boka fyrst og fremst uttrykk for forfattaren sine refleksjonar over britisk politikk, samfunn og kultur. Hamsun si bok tek heller ikkje for seg det storslege amerikanske naturlandskapet. I staden gjer han, som tittelen lovar, ei reise i det kulturelle landskapet, som etter forfattaren si meining er langt mindre storslege. Trass i dette: hjå både Vinje og Hamsun er alltid vandraren til stades, og den paradoksale fascinasjonen med denne vandrarskapnaden er kanskje nett det faktum at han leitar etter ro, røter og kvile, i ein evigvarande opposisjon til den moderne rastløysa, som ligg som ein grunn-tone i bae bøkene deira.

Men Vinje og Hamsun sine bøker stikk seg òg ut på fleire måtar. For det fyrste høyrer dei til ein uvanleg sjanger i den norske bokheimen på slutten av 1800-talet. Norske kunstnarar strøymde på denne tida til Sør-Europa, og både Ibsen, Bjørnson og Lie ytra seg om til dømes den italienske fridomskampen, men då særleg gjennom skjønnlitterære tekster.³ Heile sakprosa-bøker, og særleg bøker om den engelskspråklege verda, ser Vinje og Hamsun ut til å vere aleine om å skrive.

For det andre har dei to nokre interessante personlege felles-trekk: med omsyn til både geografi og sosial bakgrunn har dei bae røter i den norske periferien; ingen av dei kjem frå dei betrestilte laga som, særleg på 1800-talet, vanlegvis skreiv reiseskildringar eller gjorde seg tankar om verda utanfor den norske andedammen. Men samstundes har dei anten alt gjort sin entré på den nasjonale kulturscena, eller så er dei, som Hamsun, i ferd med å gjere det. Og i denne prosessen har bae to viktige støttespelarar frå det etablerte som hjelper dei fram og gjev dei truverd – det André Lefevere omtalar som «patronage» (Lefevere 1992). Vinje si bok er forma som reisebrev adresserte til Johan Sebastian Welhaven, og Hamsun er avhengig av både brørne Brandes og andre

kulturelle høvdingar som sikrar at boka hans vert publisert og at han kjem seg opp og fram.

For det tredje: I kraft av å vere nordmenn som skriv om høvesvis Storbritannia og USA, er dei òg, i internasjonal målestokk, representantar for ein periferi som skriv om store og i aukande grad sjølvmedvitne kulturar. Perspektiva desse to representerer er med andre ord interessante i seg sjølve. Spørsmålet er i kva grad desse perspektiva skin gjennom i det dei skriv, og i så fall korleis dei kjem til uttrykk, i tillegg til kva som skil dei og kva dei har til felles. Det er i hovudsak dette som er temaet for dette kapitlet.

For det fjerde: Både Vinje og Hamsun er harde polemikarar, og tonen i båe bøkene krev nok at lesaren tek både påstandar og faktaopplysningar med ei klype salt. Særleg gjeld dette Hamsun (Næss 1969, 112–52).⁴ Dette er ikkje staden for å diskutere sjangerproblematikken rundt desse bøkene, men kanskje kunne ein tentativt karakterisere dei som kulturkritiske kampskrift eller ein form for essaystikk med ein satirisk, og til tider raljerande og karikerande, undertone.

Vinje og Storbritannia

Bretland og Britarne har forståeleg nok vore sett på som ein spesiell og annleis del av Vinje sin forfattarskap, og har difor ikkje fått den store merksemda frå Vinje-forskarar. Sigmund Skard skriv likevel interessant om boka i den store avhandlinga si *A. O. Vinje og antikken* frå 1938, og året etter publiserte han ein informativ artikkel i *Edda* om mottakinga i Storbritannia: I studien sin frå 1940 gjev Arne Bergsgård ei oppsummerande framstilling av dei mange sidene ved det britiske samfunnet som Vinje tek for seg i boka. Olav Solberg, i artikkelen «Vinje på utanlandsferd» frå samlinga *«At føle paa Nationens Puls»* (1992), diskuterer boka sin plass i Vinje sitt forfattarskap, og i Vinje-biografien sin frå

2001 skriv Olav Vesaas utførleg om Vinje si reise til Storbritannia og om sjølve bokutgjevinga.

Dei fleste som har skrive om *Bretland og Britarne* verkar òg nokså samde om at den ikkje representerer Vinje på sitt beste; at han ikkje heilt ser ut til å ha kontroll på emnet og stoffet, og at han ikkje treff spikaren på hovudet i freistinga si på å ta eit oppgjør med den røynda han møter på den andre sida av Nordsjøen, under det som skulle bli det einaste lengre utanlandsopphaldet hans. Særleg synest Arne Bergsgård å streke under kor lite det er av tvisynet og «den leikande dansen mellom lys og skugge» (Bergsgård 1940, s. 89) som elles kjenneteiknar Vinje. Dersom dette er eit rett inntrykk av den tidlegare diskusjonen rundt *Bretland*-boka, ynskjer eg å argumentere for at Vinje i dette eineståande verket i produksjonen hans tvert om viser ei imponerende meistring av ei stor og svært krevjande utfordring. Og ikkje berre dét: Som vi skal sjå inneheld boka ein grundigare og meir djuptgåande kritikk av Storbritannia enn det som synest å ha kome fram.

Det fyrste ein moderne lesar truleg finn overraskande ved boka, og som dessutan set innhaldet i den i eit interessant perspektiv, er dedikasjonen til Welhaven. Det er noko 1700-talsaktig og konservativt, ja mest underdanig, over denne tilsynelatande trongen til å søke støtte hjå ein representant frå det etablerte, som om forfattaren ikkje heilt har mot til å stå på egne bein. Ein slik dedikasjon var kanskje ikkje heilt uvanleg så seint som på midten av 1800-talet, men hjå ein forfattar med ein slik klart uttrykt sjølvstendetrong som Vinje er det kan hende meir overraskande. Ein må likevel hugse at boka i fyrste omgang ikkje vende seg til den norske ålmenta, men til den britiske, og som eit ukjend utanlandsk namn er det ikkje overraskande at Vinje såg det naudsynt å nytte dei knepa som fanst.

Ifylgje Olav Vesaas var Vinje heilt klar på at dette var siktemålet, og i eit brev til Welhaven frå april 1863 hevda han at

«Britain er et Land for Titler» (Vesaas 2001 s. 292). Welhaven var heller ikkje den fyrste han vende seg til; han freista fyrst både Carl Arnoldus Müller, som var visepreses for Vitskapsselskapet i Trondheim, og professor Marcus Jacob Monrad, men utan å få positive svar (ibid. sst.). Men Welhaven, som Vinje kjende relativt godt, sa ja, og står slik som den formelle mottakaren av breva. I alle høve er det likevel verdt å merke seg at dedikasjonen, og den tilhøyrande inndelinga i brev, i røynda fungerer som ei halvfikativ rammeforteljing, som potensielt påverkar i kva grad lesaren har ei kjensle av å lese ein journalistisk uavhengig tekst. Dette inntrykket vert kanskje for nokre lesarar ytterlegare forsterka av måten Vinje, i den engelske utgåva, presenterer seg sjølv, ikkje som tilhøyrande ein kritisk, intellektuell periferi, men i høgste grad som ein representant for det etablerte, dvs. som «Advocate Before the High Courts of Justice, Christiania» (Vinje 1863, ingen pag.), noko som dessutan var å ta munnen lovleg full.

Ein yter likevel ikkje Vinje rettferd dersom ein på grunn av ovannemnde hevdar at han har lagt den kritiske sansen til sides. Tvert om verkar det som at han, for det fyrste, nyttar desse dørøpnarane med nett det føremålet å etablere ein kontakt med dei han ynskjer å få i tale, og dernest for, så å seie, å kome på betre skothald; altså ein type posisjonering. For *Bretland og Britarne* er ikkje berre ein avgrensa kritikk av sider ved det britiske samfunnet på 1860-talet. For Vinje er Storbritannia sjølv sinnbiletet på sivilisasjonen. Difor er det ikkje tilfeldig at det er nett dit han ynskjer å reise, og truleg er det heller ikkje tilfeldig at han alt i fyrste brevet tek lesaren med til den store Verdsutstillinga i London, som trass i å vise produkt frå heile verda fyrst og fremst var arrangert for å vise Storbritannia sin posisjon som den leiande representanten for sivilisasjon og framsteg. I dette sentrumet av sentrum – for London er på denne tida utan tvil verda sin hovudstad – set representanten for periferien opp skytset sitt.

Vinje vel seg i fyrste omgang to innfallsvinklar. For det fyrste byrjar han med å ironisere over sjølve ordet *exhibition*, og set det opp mot det gamle engelske (men opprinneleg tyske) ordet *show*, som han i tillegg viser er etymologisk det same som det heimlege «Sjaa». Han er nemleg klar over at *show* òg vert nytta på engelsk, men fyrst og fremst om «Grise-Sjaa og Hunde-Sjaa». Men «det latinske Ord Exhibition maa til, naar det skal vera rett gildt» (Vinje 1873, s. 3). Deretter koblar han denne observasjonen med ein annan, nemleg at britane har ein djup vyrdnad for gamle namn og slekter, og han påpeikar det paradoksale i at denne vyrdnaden tydelegvis ikkje omfattar «dei gamle Maal» (ibid. s. 4).

Med dette er han klar til åtak. Vinje har lenge vore assosiert med det såkalla tvisynet sitt, som vel må kunne kallast ein variant av ironien, og seinare har Jon Haarberg, med studien sin frå 1985, gjeve endå ein dimensjon til denne sida av Vinje, nemleg det karnivaleske, henta frå Mikhail Bakhtin (Haarberg 1985). Olav Solberg nyttar også dette omgrepet i diskusjonen sin av *Bretland og Britarne*, og då nettopp om Vinje sin samanstilling av dyr og menneske, som var eit tema han ofte vende tilbake til. Men går ikkje Vinje lenger enn som så? Nyttar han ikkje òg dette karnivaleske *mundus inversus*-grepet til å gå til eit grunnleggjande åtak på den forma for sivilisasjon som det moderne Storbritannia representerer?

Vinje byrjar altså med å fastslå den britiske agen for «gamle Ættir» (Vinje 1873, s. 4): Med dette utgangspunktet trekker han den ironiske slutninga at det difor berre er naturleg at britane har vore langt framme i husdyravl. Men han er raskt ute og pakkar inn denne ironien retta mot britane i ein slags uskuldig sjølvironi:

Du maa ikki mistyda meg. Eg godmæter dette Framsteg so mykit som nokon Mann. Ja, eg hever endaa skrivit Dikt for Fesjaa og soleides manat ei Avis [sic] ut til at døma paa, at

mi Diktaraand elder Muse tilslut vil dumpa ned til at skriva
 Dikt yvir Hævd [dvs. møkk]. Det er just denne elskan, eg hever
 lagt paa slike Ting, som driver meg til at taka deim paa ein
 skynsam Maate og søkja etter Tankelekkjen millom deim og
 den utsynte Ættetanke i Folkehistoria. Eg søkjer etter Grunn
 og Samanheng, og eg gjenger utrullege langt paa denne Vegen,
 um eg enn ikki gjenger so langt som sume lærde Menn gjera,
 naar dei leita etter den Lekken, som vantar millom Apekatten
 (gorilla) og Mannen. (Ibid. s. 5)

Effekten er likevel berre ei forsterking av ironien og kritikken, for han går med det same over frå å skrive om husdyravl generelt til å skrive om svineavl, og hevdar at svina han såg på marknaden i Battersea var «kjøvde i Gjødingi, og tidt sturta dei av Skarvesjukur» (ibid. s. 6). Så er det mest som om Vinje berre let denne aninga av ei kobling mellom svineavl og det britiske samfunnet renne ut i sanden, liksom før ho kunne tolkast som ein insinuasjon. Rett nok morar han seg over korleis hestar og hundar ofte får menneskenamn, men mot slutten av fyrste brevet forlet han både temaet og Verdsutstillinga med eit spark om at profittjaget som ligg bak utstillinga knappast vil føre til fred, slik mange let til å drøyme om. Slik var det «diføre høveleg nog, at Mynstrir til Kanonur og Skotskivur vaaro at sjaa midt ibland desse Fredsverk, dei kallade» (ibid. s. 8).

Men Vinje er langt frå ferdig med temaet om dyr og menneske. I niande brevet, der han har annonsert at han vil halde fram med temaet frå åttande brevet, dvs. litteratur, hentar han i staden raskt opp att tråden frå fyrste brevet, og gjer ein merkeleg manøver:

Eit grundigt Studium av den Britiske Literatur maa, tenkjer eg, gjera kver og ein viss um, at eg hadde fullkomleg Rett i, at den navngjetne Sans, Bretlendingarne hava for all Slags Feavl,

hekk i hop med deires Grunntankar om det menneskelege Samfund. Eg torde elles ikki daa bruka dei same Ord um Folk som um Fe og Hundar. Men eg ser no, at eg vel kunde hava gjort det utan i minste Maate at synda mot den Britiske Smak. (Ibid. s. 66)

Brått kjem dei eit alvor inn i framstillinga som tidlegare ikkje har vore der. I ein fotnote går han så inn på dei engelske orda *breed* og *breeding* (som han omset med «Avkjøme»), som nettopp har opphavet sitt frå dyreavl, og korleis oppfatninga av desse omgrepa vert nytta i Storbritannia for å skilje ut «Folk, som ikki høyra til Adelen» (ibid. s. 67). Frå denne plattformen går så Vinje til frontalåtak ikkje berre på det britiske klassesystemet, men òg på heile menneskesynet som denne fremste representanten for sivilisasjonen tek for gitt. Han nemner ikkje eksplisitt «The Two Nations», som skriv seg frå undertittelen på Benjamin Disraeli sin roman *Sybil* frå 1845 og som raskt vart eit omgrep i den britiske ålmenta, men viser korleis det britiske samfunnet, godt hjulpt av kyrkja, stemplar store delar av befolkninga som annanrangs borgarar av dårlig «Avkjøme». Ja, han trekker – midt under den amerikanske borgarkrigen – ein direkte parallell mellom Amerika og Storbritannia, og hevdar at amerikanarane har sine «svarte Trælar [...] liksom dei Engelske hava sit kvite 'daarlege Buslag'» (ibid. s. 68).

Her er det den radikale likskapsforkjemparen som talar, og han går nådelaust i rette med korleis britane sementerer gamle og urettvise strukturar ved å sjå på gamal familie som ein kvalifikasjon for «dei høgste Stillingar i Riket» (ibid. s. 69). Desse «Britiske Tilbedarar av Fødsel og Race [ser] burt ifraa den leide Røynsla, at Sønene av store Menn for det meste hava vorit store Stakkarar» (ibid. s. 70). Vinje sin analyse er interessant; han meiner at vi har late oss imponere urettvist av Storbritannia sin

lange demokratiske tradisjon, og hevdar at det «er Medallalderen, som enno i det nittande Aarhundrad blømer i full Blome og frisk Flor» (ibid. s. 73). For Vinje er dette ikkje eit overflatisk trekk ved landet:

Det kjemer meir av den heile Riksbygnad og den Tru, som gror upp av denne, at sume ero fødde til Fantar og sume til Fagnamenn. Du kan sjaa det liggjande utanpaa desse Gentlemenn, at dei trur stort um seg. Eit Augnekast paa Brystbilæte og Maa-lingar av deim i Britiske Kunstsamlingar kan syna deg dette. At gaga seg slikt og vera slik ein Sprett og sjaa so morsk ut verdt kallat «at bera seg Ædelt» (lofty bearings). (Ibid. s. 74–75)

Dette er nærgåande, prinsipiell kritikk, og Vinje har meir på lager, for kva er det som held denne «Rigsbygnaden» oppe? «[E]i av dei største Grunnstytter under den Britiske Samfundsbygning er bygd upp av Stikkpengar elder Mutur, og denne Stytta kunde ikki takast undan utan at heile Bygningi vil vera paa Vipp» (ibid. s. 75). Han påpeikar så korleis dette korrupte systemet vert halde oppe med utdeling av titlar for lang og tru teneste, slik at dei som har vore flinkast og lydigast gjennom eit langt liv endeleg kan få ei kjensle av sjølv å vere på lag med dei store, og avsluttar med endå ein skarp observasjon om kva som kjenneteiknar ein britisk gentleman:

Ein Mann kan [...] ikki verda halden for nokon sann Gentleman at vera, naar Fader elder Bestefader hans hava vorit nyttuge Folk, um endaa han sjølv aldri gjerer Guds skapte Grand annat enn er med paa Kapptraaving og Revejagtir, og gjenger i Fugleskog og føder upp Hundar, og politiserar saa smaatt i si Kviletid. (Ibid. s. 86)

Latskap er med andre ord ei dygd og ein føresetnad for å kvalifisere som ein gentleman! Ifylgje Vinje utviklar heller ikkje det britiske samfunnet seg i retning av større likskap; tvert om viser han til korleis fleire og fleire små sjølveigedomar vert kjøpte opp og lagde inn under dei større godsar, slik at der det i 1786 var 250.000 sjølveigarar var det i 1822 berre 32.000. Utviklinga Vinje her i røynda viser til er dei såkalla «Enclosure Acts», som frå 1760-talet og i fleire tiår frametter sørgde for at bygdene blei tømde for folk og at rikdommen blei samla på stadig færre hender. Vinje fylgjer slik opp den kritikken som til dømes samfunnskritikaren og parlamentarikaren William Cobbett (som i mange høve kunne minne om Vinje sjølv) hadde stått for fram til han døydde i 1835, og som britane difor var vel kjende med. I Skottland gjekk denne rasjonaliserings- og sentraliseringspolitikken dessutan hand i hand med ei systematisk undergraving av busetnaden i høglandsområda etter slaget ved Culloden i 1746 (dei såkalla Highland Clearances), for å luke ut både katolikkar og forkjemparar for skotsk sjølvstende ein gong for alle. Medan han diskuterer engelskmennene si framferd i Skottland avlegg Vinje òg Irland ei rask vitjing med ein kommentar om den grenselause uretten dette landet har måtta tåle, og han avsluttar denne digresjonen med ein treffsikker spådom om det framtidige tilhøvet mellom dei to landa: «Det einaste eg kan gjera, er at tru paa Englands bõtande Magt til at avvenda ein hevande og blodig Utgang paa dette Samlaget» (ibid. s. 54).

Kan hende gav Irland han òg ein assosiasjon til ein av Vinje sine irske åndsfrendar, nemleg Jonathan Swift, for i omtala av dei fattige skotske leigebøndene nyttar han eit satirisk grep som er som teke rett ut av Swift. Han observerer ironisk at den stadig kortare festetida og den høgare leiga for leigebøndene vert ført i rekneskapen til parlamentet som auka inntekter, ikkje berre

for landeigarane, men òg for leigebøndene. Forklaringa får han frå ein av leigebøndene: Ved å la dei seks ungane gå berrføtt sparar han to dalar i skoutgifter på kvar, og tolv dalar var nett det den årlege leiga auka med. Dermed tente både han sjølv og landeigaren betre enn året før.

Daa eg spurde um det ikki tok paa Helsa at ganga slikt berføtt, svarade han som alle slike Folk gjerne svara: «Eit Barn kan aldri fara betre enn døy.» No, late oss tenkja oss ein Grunn-eigare, som hadde tusund slike Leigarar, so vilde hans aarlege Inntekt aukast med tolv tusund Dalar um Aaret; og vette [sic] vilde vera ei god Hjelp til Kostnaden av Stormannslivet i London og Gamanferdir i Europa. (Ibid. s. 45–46)

I det kjende essayet «A Modest Proposal» (1729) nyttar Swift nett denne framgangsmåten om nett det same temaet: korleis løyse problemet med at så mange fattige svelt. Kaldt og roleg presenterer han ei meiningslaus og hjartelaus løysing på problemet, og multipliserer opp nytteeffekten slik at resultatet er til fordel for alle partar. Vinje viser òg seinare i boka at han har eit godt auge til den irske satiretradisjonen: «Kunde det Irske Laatte-Vit verda frigjort fraa Fordom, og koma til at retta Tanken meir paa det Britiske Samfund, sas vilde dei faa oss til at slaa upp ein skakande Skrellelaatt» (ibid. s. 115).

Vinje er klar på at «Landbustellet er Landsens Grundlag», og difor er dette forande for alt som har med «Politikk, Landssed eller Bokrike» å gjere (ibid. s. 58). Og nok ein gong tek han eit oppgjer med dobbelmoralen og hykleriet som dette paternalistiske systemet gjev grobotn til. Mellom anna harselerer han med

den Lur-Blaasing me høyra, naar ein Godseigare, etter at han hever mergsogit si Bygd, læter litit Kol og Jordeple til dei fatike,

elder byggjer eit Bønhus, elder gjever ein Slikk til Skulen. I eit velstelt Aalmenne vilde alt slikt liggja paa Grundeigendomen, og Ingen vilde der drøyma um at takka ein Mann for han gjorde si Pligt. (Ibid. s. 60)

Dette minner mest om Marx og Engels sine rapportar om tilhøva i dei engelske byane berre tjue år tidlegare, og interessant nok reflekterer Vinje òg her kring sin eigen politiske ståstad, for han understrekar:

Det er langt derifraa, at eg lærer Sameign elder Kommunisme, men eg likar endaa godt Orden og Andsvar, og hadde eg vorrit Bladskrivare i Bretland, so vilde eg visst hava skrivit med Umtanke um slike Velgjerningar, som eg her sidst rødde um. (Ibid. s. 61)

Kommunist eller ikkje: Vinje har sjølvsagt òg rett, for velgjerdssarbeid er først og fremst viktig i samfunn der goda er ujamt fordelte, og når godseigarane gjev «eit Bønhus» i gåve til lokalsamfunnet, er det sjølvsagt òg ei investering i eit *status quo* der kyrkja og religionen er avgjerande støttespelarar. Ikkje berre i det fjortande brevet, som i sin heilskap handlar om kyrkja, men òg her i det ellefte, finn Vinje rom for nokre skarpe kritiske utfall, for nett når han talar om korleis dei rike viser sjenerøsitet mot dei fattige nyttar han høvet til å nemne at mang ein utlending lett kunne

faa Avsmak for dei krjupande og krabbande Talur av Prestar og andre Umbodsmenn paa Fødsels- og Brudlaupsdagar til deires Herrar og Meisterar, dersom han ikki kom ihug det Fleskesluggen sagde, og som aldri maa gløymast i England; «Han fær Prisen min, som gjever meg Flesk av Grisen sin». (Ibid. s. 97)

Ja, for «Klassur og Rang» er så avgjerande i Storbritannia at «jamvel Bibelen maa gjeva etter»:

Ein Professor ved Oxford Universitet segjer: «Det kan vel kanskje henda, at det finnst ein elder tvo Mynsternaturer i Verdi med slik gudlik Blidskap og slik ein Sjæls-Adel og Vyrndnad, at *Rangsskilnaden* synest liksom at Kverva burt for deim.» Den lærde Professor gjenger vidare fram i denne si Forklaring at Bibelen ikki maa takast paa Ordet, og han opplyser dette med Jesu Fotetvaatt, idet han legger til: «Heller ikki er det høvelegt for oss at tvaa Føter til Andre elder taka paa oss nokon Tenar-Skapnad, fordi vaar Herre og Meistare sette oss dette Fyredøme. *Samfundets Skikk og Vis vil ikki tillata det*». (Ibid. s. 100–101)

I ei fotnote vert denne Oxford-professoren identifisert som «Jowett», og alt tyder då på at det er snakk om Benjamin Jowett (1817–1893), som var rektor ved Balliol College, og både teolog og klassisist, altså ein representant for eit syn som hjå dei leiande lag var meir eller mindre sjølvsgt. Nok ein gong er det imponerande å sjå korleis Vinje bryt gjennom det som for ein moderne lesar står fram som eit mest fullkome døme på viktorsk dobbelmoral. Dette såg han klart og greitt i 1863, og som fleire av sine samtidige vik han ikkje tilbake for å omtale det han ser. Det er i det heile, under den ofte velvillige og lett ironiske maska til Vinje, ein djup harme på vegner av dei mange som ikkje får plass på solsida i det britiske samfunnet. Det ellefte brevet, som ovannemnde er henta frå, er eit godt døme på dette, for når han nærmar seg slutten, er det som om han vil vende godviljen til, og han skryt mest hemningslaust av britane sin «Hagleik i Utkroting og Metalarbeid», og «[f]raa ein Manufaktur-Standpunkt er kanskje deires Civilisation den hægste, som nokonsinn var til» (ibid. s.

104). Men heile tida er Vinje fokusert på kva som gøymer seg *bak* denne fasaden. For, seier han:

Det er naturlegvis mange Ting ataat, som sjaa svarte ut. Naar du f. Eks. leser um, at Folk midt ibland all den Grunnrikdommen døyr av Sult, naar du leser um at Foster og Smaaborn i Tusundtal um Aaret ero slengde som Kattar og Hundar ned i dei Londonske Rennesteinar og Holveitur, til det verdt sagt at Botnen av Themsen er liksom Straadd med slike Skrottar; naar du ser ein Døming dregen til Rettarstaden og ikki kan frigjera deg sjølv fraa den fæle Tanken, at det er eit Rettsmord, du maa vera Vitne til; naar, segjer eg, du ser og leser um alt slikt, so er den Slutning, at det ikki er so 'civiliserat' som det ser ut til, eit rett og rimelegt Utdrag fraa gode Grunnar. (Ibid. s. 104–105)

Som nemnd ovanfor: Vinje ser i Storbritannia sjølv symbolet på den moderne sivilisasjonen, og i røynda er det denne han går til åtak på gjennom demaskeringa av det britiske samfunnet. Med denne argumentasjonen gjev han òg i noko mon støtte til ei ikkje heilt uvanleg haldning på denne tida om at Noreg ikkje burde bli industrialisert. Og etter å ha levert breisida på slutten av det ellefte brevet, går han rett over til endå eit felt der britane solar seg av å stå i fremste rekke. Og nok ein gong lokkar han lesaren med på det «som er kjent allestad», nemleg at «den Britiske Presse er fri. Sjaa, det kan no aldri tvilast paa» (ibid. s. 109). Ja, seier Vinje, det er rett nok, men fylgjene for den som *nyttar* seg av denne fridomen er noko heilt anna. For pressa eksisterer ikkje i eit vakuum, og fridomen er ikkje mykje verdt dersom det finst andre mekanismar i samfunnet, til dømes rettsvesenet, som tek brodden av henne. Og her nyttar Vinje sin eigen fagkunnskap og røynsle som jurist: «Eg har sett Domsavgjerdir av Britiske Juryrettar, som synest at ljota

gjera Pressefridomen til ei rein Synkverving» (ibid. s. 111). Og rettsvesenet heng i sin tur saman med valsystemet, som sjølv etter Den store reformakta i 1832 enno berre gjev ein femtedel av befolkninga røysterett. For Vinje, som skriv velinformert og overtydande om både Reformakta og Manchester-skulen, er botnlina i det britiske samfunnet pengar og makt, og både to lever godt side om side med den såkalla frie pressa. Ja, han insinuerer at valsystemet i Storbritannia står langt tilbake for det ein finn i mange andre europeiske land, og om ein fekk «Vali paa same For her som i andre frie Land vilde [det] føra til ein illherveleg Umstøyt ved det, at Mannsverd vardt sett i Staden for Ætteverd og Pengeverd» (ibid. s. 121). Og når han vender tilbake til pressa, er konklusjonen drepende:

Slik er Pressa, og slike er Vali, som ero haldne fram for Verdi som Mynstrir av Fullkomenskap. Europa maa sannelege vera armt, um det ikki kan syna fram nokot, som er skirare enn dette. Ingi onnor Presse vilde vaaga seg til at orsaka slik Landsskjemd, minder ho er kuad eller klumsad, og kvert eit annat Parliament, som vøre valt paa slike Grunnsetningar, vilde Folk flira aat. [...] Eit Folk kan ikki gjeva upp si Ære og sine moralske Eigenskapar for Umakløyse og Rikdoms Skuld. (Ibid. s. 122)

For Vinje er med andre ord Toryane og Whiggane «two Avdeildir av det Britiske Oligarki», som djupast sett har sams interesse av å halde dei aristokratiske, for ikkje å seie føydale, strukturane ved like (ibid. s. 124). Snarare enn å sjå på Storbritannia som eit progressivt og framtdsorientert land, slik det store fleirtalet – og britane sjølve – ser det på grunn av industrialiseringa og den veldige kommersielle aktiviteten, er det for Vinje konservativt, ja mest reaksjonært.

På byrjinga av det niande brevet annonserer Vinje at han vil halde fram med å skrive om den britiske litteraturen, som han byrja å diskutere i det føregåande brevet, men endar, ikkje heilt uventa, med å skrive om heilt andre ting. Det er fyrst i det trettande brevet at han kjem tilbake til dette temaet, og då tek han med seg observasjonane og konklusjonane frå dei tidlegare breva om «Ætt og Rang», om valsystem og presse, og om korleis pengar og profitt er avgjerande for einkvar som vil opp og fram. Vinje opptrer her nærast som ein litteratursosiolog, som viser korleis det litterære produksjonsapparatet og økonomiske interesser påverkar både forfattarane og det dei skriv. Dei blir «Smaakræmarar for Tankar og Tykkje» som «spinna si Vare ut til det grannaste og tunnaste dei kunna» (ibid. s. 131). I det heile er han kritisk til kommersialiseringa av litteraturen, og ironiserer over den kjende diktaren Lord Tennyson, som fekk «ei Halvkrune Lina» for eit dikt om frihandel: «Det tonade i mine Øyro som Gravsalmen yvir Fatigdom og Sveltihel. Men det var ikki so vel; dei ero ved god Helse enno, baade tvo» (ibid. s. 133).

Det er interessant at Vinje diskuterer britisk samtidslitteratur på nett det tidspunktet då bylgja av den såkalla sensasjonslitteraturen (*sensation literature*) var godt og vel undervegs. På mange måtar tok denne litteraturen opp til diskusjon nett den dobbelmorale som Vinje ser så tydelege merke etter i det britiske samfunnet. Berre i løpet av dei tre åra før Vinje vitja Storbritannia ga Wilkie Collins ut romanane *The Woman in White* (1859-60) og *No Name* (1862), Charles Dickens *Great Expectations* (1860-61), Mrs. Henry Wood *East Lynne* (1861) og Mary Elizabeth Braddon *Lady Audley's Secret* (1862); romanar som skapte stor debatt, både om kvinnene sin posisjon, om prostitusjon og andre sosiale problem som det viktoriaanske samfunnet langt på veg føretrekte å feie under teppet. Av desse forfattarane nemner Vinje berre kort Dickens. Kor godt han kjende til dei andre, veit

vi ikkje, men tre år seinare, i april 1866, røper han i alle høve at han er kjend med fenomenet, då han i ei bokmelding i *Dølen* om Ibsens *Brand* fyrst nemner både Wilkie Collins og «Miss Bradden», og deretter omtalar Brand som «ein makalaus Spott over Tidens romantiske Smak, over det, som Engelskmanden kallar Sensations Noveller» (Djupedal 1970–73, b. 2, s. 210 og 212). Her i *Bretland*-boka har han likevel gjort seg opp ei meining om den moderne litteraturen, og på nett dette punktet viser han ikkje den samfunnskritiske og progressive haldninga som han elles gjev så tydeleg uttrykk for. Tvert om er han skeptisk til heile den realistiske romantradisjonen:

Dei, som setja Realitet (Røynd, Sanning, Verkelegskap) yvir Hugsyn, dei syna, at dei reint vanta Hugsyn. [...] Desse Britiske Romanar ero visselege hæve til at maala Scenur or det verkelege Liv, men det er mesto det same Emne uppatter og uppatter. Turr og laus Realitet utan nokot poetisk Ynde, og Maalingar fraa eit halvraatt Liv, kjeide og tjaalege, det utgjerer Upplagsvара i slike Skriftir. Endaa ein slik Meister som Dickens svingar seg sjeldan utom desse Gensur. (Vinje 1873, s. 137)

Kan hende vart Vinje her villeia av sin eigen skepsis, m.a. til dei kommersielle kreftene, for desse bøkene blei utan tvil både skrivne og marknadsførte som bestseljarar i dag, med velutvikla kommersielt instinkt.⁵ For det andre var fleire av dei skrivne av kvinner, og på nett dette punktet viser heller ikkje Vinje det vidsynet han elles gjer. Tvert om er han fullt og fast på line med den allmenne mannssjåvinismen på 1800-talet: «Damur hava ein serleg Givnad til at fortelje Slarv, og i ein moderne Roman ero slike Ting viktige» (ibid. s. 134).

Men om Vinje gjekk glipp av ein del av skjønnlitteraturen («Hugsyns-Litteraturen») i samtida, som kunne ha gjeve han

vatn på mølla om korleis han elles såg på det britiske samfunnet, viser han ein imponerende oversikt over andre delar av litteraturen. Til dømes tek han for seg «Vitskaps-Skrifter», og her er det viktig å hugse på at Vinje, under opphaldet i Storbritannia, ikkje fyrst og fremst budde i England, men i Skottland, og ved fleire høve understrekar han korleis skottane er eit hestehovud framfor engelskmennene: «Dei Britiske Skriftir um Jordkunne ero dei glupaste, eg nokotsinn hever lesit; og, snodigt nog, Skottarne ganga fyre her og» (ibid. s. 139). Innan historiefaget gjev han òg eit bestemt inntrykk av å vere godt orientert. Her òg nemner han fleire skottar, men viser liten entusiasme for dei engelske representantane for faget, særleg den ruvande Thomas Babington Macaulay, medan han går god for John Lingard, som i 1819 publiserte ei englandshistorie i åtte band.

Sjølvsagt kan det hevdast at Vinje, som ein dyktig journalist, har skaffa seg ein omfattande oversikt over store delar av den britiske litteraturen utan å ha lese særleg mykje av den, men når han nå i det trettande brevet vender seg til skjønnlitteraturen, som han òg byrja å diskutere fem brev tidlegare, er det heilt tydeleg at han uttalar seg på grunnlag av eigen lesnad og at han uttrykker sine eigne meiningar. I fyrste rekke gjeld dette den forfattaren som mange vil hevde har nære likskapstrekk med Vinje sjølv, nemleg skotten Robert Burns. Så gjev han òg gode og treffsikre karakteristikkar av Burns sine kvalitetar, mellom anna denne: «Han er ingen *stor* Diktare i den vanlege Meinung av ordet, men han synest hava aatt [eigd] alle dei Eigenskapar, som skal til for at skapa ein stor Skald» (ibid. s. 140). Som ein kunne vente, er Vinje òg var, på Burns sine vegner, for at han ikkje har vore «sømelegare dyrkad», for han har skrive vers «som ero verdige til at standa jamt med det beste, som finst i nokon Literatur» (ibid. s. 141). Han gjer òg ein interessant observasjon om tilhøvet mellom dei to gigantane Burns og

Shakespeare; hjå baa to er den litterære kvaliteten tett knytt til kontakten deira til det folkelege. Burns «livde i hop med Folket» (ibid. s. 142), og Shakespeare «bokførte, at segja, Folksens Visdom, og han livde so nær Medelalderen, at han kunde gjera det. England var endaa uciviliserat, som Folk no til Dags vilde segja» (ibid. s. 144). Vinje synest her å setje sivilisasjonen og det folkelege opp mot kvarandre, og konkluderer i favør av det folkelege. Det same gjer han når han set Sir Walter Scott og Burns opp mot kvarandre, og dreg den slutninga – som skulle vise seg å vere rett – at «[t]idi vil taka hardare paa Scott enn paa Burns» (ibid. s. 145).

Vinje skil òg på interessant vis mellom dei store romantiske diktarane, sjølv om han tydeleg er prega av samtida si favorisering av Lord Byron framfor til dømes Shelley. Ja, han meiner beint fram at Storbritannia ikkje har hatt nokon «ægte Diktare» etter Dryden, utanom Byron, og at Shelley «vantar sann poetisk Kraft» (ibid. s. 149).

Når Vinje så i det femtande og nest siste brevet tydelegvis belagar seg på å nærme seg ei avslutning, kjem han endå ein gong tilbake til britane som eit «pengeavlande Folk», utan danning: «Den Vitsemd og Aand, som finst paa Fastlandet, er reint vantande, elder og nær derved» (ibid. s. 172). Og det er «Uttappings-Tanken» og ulikskapen han til sjuande og sist ser som øydeleggande for heile samfunnet.⁶ Nok ein gong freistar han å seie noko positivt om «dette elskelege Land» (ibid. s. 176), men når han ser seg om på det som skulle vere den ærerike tradisjonen samtida er tufta på, er det som om lesaren dukkar ned i ein gotisk roman:

Gamle Baronslot og Borgir fraa Medaalderen er det ei Mengd av yvir heile Landet, men eg gjorde mit beste til at fly alle Roman-Kjenslur, naar eg kom der. For mine Augo saago dei ut

som morknande Bein, som standa halvt upp or Kyrkjegarden til Mannesoga. (Ibid. sst.)

Bretland og Britarne endar brått og uventa med det sekstande brevet, der Vinje fyrst lovar ei oppsummering, men der han i staden fyrar av ei siste salve, denne gongen mot det juridiske og det politiske systemet. Dermed får han aldri samla trådane til ein konklusjon om det årslange opphaldet sitt i Storbritannia, men kanskje var det heller ikkje trong for det. Når siste setning er lesen treng lesaren heller ikkje vere overraska over den lunkne og i mange høve kritiske mottakinga boka fekk i den britiske pressa. Og kanskje var inntrykket frå året i Storbritannia for voldsamt til at han makta å samle det i ei konkluderande samanfatning. Kanskje har Sigmund Skard rett då han i avhandlinga si frå 1938 hevdar at Vinje var «skaka» av det «vitlaust aksellererande i det engelske samfunnslivet» og hadde trong til å finne ny grunn under føtene (Skard 1938 s. 262 og 265).

Hamsun og Amerika

Som tittelen *Fra det moderne Amerikas Aandsliv* gjev bod om, har Hamsun si bok i utgangspunktet eit noko smalare perspektiv enn *Bretland*-boka til Vinje. Medan Vinje tek for seg det britiske samfunnet frå ei rekkje ståstader, let Hamsun den skapande og tenkjande kulturen stå i fokus. På den andre sida er Hamsun, som Vinje, ikkje framand for ein digresjon eller to, og det er heller ikkje tvil om at Vinje si bok djupast sett handlar om den britiske kulturen i vid forstand, dvs. korleis det britiske samfunnet ter seg for ein utanforståande observatør. Såleis portretterer bae bøkene dei to landa på ein måte som gjer det interessant å sette dei opp mot kvarandre, sjølv om dei, som vi snart vil sjå, er ulike på fleire felt.

Forutan det konkluderande kapitlet «Slutning», ringar Hamsun inn boka si med eit innleiande kapittel om «Aandslivets Betingelser» og eit avsluttande kapittel om «Aandslivets Virkninger». I originalutgåva utgjer desse to kapitla omtrent hundre sider til saman. Mellom desse nyttar han så nærmare hundre sider på eit kapittel om litteraturen aleine, og opp mot femti på biletkunst og scenekunst. Frå fyrste line er boka fylt av sterkt polemiske karakteristikkar, og i «Aandslivets Betingelser» byrjar han med nett det som ligg utanfor og som legg premissa for det såkalla åndslivet. Titlane på to underkapittel gjev klar melding om kva for «Betingelser» det er snakk om: «Patriotisme» og «Fremmedfjendskab».

Den amerikanske patriotismen er, ifylgje Hamsun, brautande, høglydt og sjølvgod, og botnar i ein grunnleggande mangel på kunnskap om andre. Mellom anna er amerikanarane grenselaust stolte over alt dei trur at dei sjølve har funne opp, men som i røynda kjem utanfrå. Slik blir patriotismen til ein «Fremmedfjendskab» som berre gjer unnatak for engelskmenn. Skepsisen gjeld òg «Udenverdenens moderne Kulturstrømninger», noko som fører til eit fullstendig fråver av fornying: «Dets Kultur er mærket af Alderen og af andre Folks Brug, det er en overført Kultur, indbragt i Landet med de første Kolonister, en Kultur, der har havt sin Tid i Europa og nu dør i Amerika, det er den gamle engelske Kultur» (Hamsun 1889 s. 22). Ein meiningslaus konsekvens av denne haldninga er importtollen på kunst og litteratur frå Europa, ein toll som berre gjer unnatak for antikvitetar og kunst produserte av amerikanske kunstnarar. Slik er det støy og reklame, og «Forretningslivet, den hæseblæsende Kamp om Fordelen» (ibid. s. 26), som er «Amerikas virksomste Liv. [...] Republikken har faaet et Aristokrati, som er det fødte Aristokrati i Kongedømmerne langt overlegen i Styrke, det er *Pengenes* Aristokrati» (ibid. s. 30).

I det lange kapitlet om litteraturen, byrjar Hamsun med journalistikken, og han gjer det med ei oppleksing som vekker mistanke om at han kan vere inspirert av ein amerikansk forfatter han omtalar i meir detalj nokre sider seinare, nemleg Walt Whitman.⁷ Hamsun sin tirade fortener å bli sitert i sin heilskap:

En underlig Journalistik, en larmende, skandalsyg [sic], knyt-nævevild, revolverrygende Journalistik, underkøbt Ledere, betalte Jernbanereklamer, Avertissementspoesi, Bysladder; en underlig Journalistik, Skandalerne fra Retssalen, Jammeren fra Trænsammenstødene, Hurraraabene fra de patriotiske Banketter, Damphammerslagene fra de store Fabriker, Guds ord fra Bladets faste Præst – ti et Blad har en fast Præst –, Damepoesier om Maaneskinnet i Tennessee og Elskhoven i Boston, to Spalter Ægteskabsbrud, tre Spalter Banksvindel, fire Spalter Patentmedicin – en underlig Journalistik, Skraalet fra hele den Hær af krudtsværtede Pirater, som skriver den. (Ibid. s. 37–38)

Denne litterære ytringa utgjev seg likevel ikkje for å vere noko anna enn den er: «De amerikanske Aviser er urolige og støjende som Livet selv; de er raa og sande» (ibid. s. 48–49). Og han avsluttar:

Trods dens dybe Mangler, er den amerikanske Journalistik alligevel den ejendommeligste og kraftigste Aandsyttring i det amerikanske Folk; ved sin Dristighed, sin realistiske Voldsomhed, er den, literært set, tillige den moderneste. (Ibid. s. 51–52)

Journalistikken er med andre ord fylt av det pulserande livet i det moderne Amerika. Den såkalla seriøse litteraturen har ingen av desse kvalitetane. Sjølv om han gjer nokre få unnatak, for Mark Twain, og litt av Poe, Hawthorne og Bret Harte, feller

Hamsun ein knusande dom over det som skulle vere den litterære spydspissen i landet:

Amerikas Literatur er trøstesløs uvirkelig og talentfattig. Den har Kærlighed og Revolverskud, men den har ikke Livets eget drivende Liv, den er uden Livets røde Fylde, den mangler Sindsbevægelse. (Ibid. s. 52)

I tråd med patriotismen og skepsisen til impulsar frå utlandet er heller ikkje nyare europeiske forfattarar representerte med omsetingar, og ein by som Minneapolis, som er stor som København, har berre *ein* bokhandel, som ikkje fører anna enn

[d]ekorerede Gratulationskort, Verssamlinger i Guldsnit, Dektivhistorier, et Par Nodeblade av *Yankee doodle* og *Home, sweet home*, salig Longfellow og alle Slags Variationer af de mest fremskredne Blækhush. (Ibid. s. 55)

I tillegg er den amerikanske litteraturen sømeleg og kjønnslaus. På nytt gjer han eit unnatak, denne gongen for Walt Whitman, som hadde gjeve ut samlinga *Leaves of Grass* berre fire år tidlegare, og som trass i den kontroversielle stilen sin hadde opparbeidd seg ein posisjon som diktar. Hamsun diskuterer han over heile tolv sider, men priser han ikkje nett opp i skyene. Sjølv om det, som nemnt ovanfor, kan sjå ut til at Hamsun har late seg påverke av Whitman sin stil, held han ap med at han kallar dikta sine for songar, for dét er dei ikkje, «ikke mér end Multiplikationstabellen er en Sang» Whitman er «en Naturlyd i et udyrket Urland» (ibid. s. 63–64):

Hans Stil er ikke engelsk, hans Stil tilhører ikke noget Kultursprog. Hans Stil er den svære indianske Billedstil uden

Billeder, paavirket af den svære gammeltestamentlige, som gaar over al Forstand. Hans Sprog ruller tungt og uklart henad Bogens Sider, bruser afsted med Kolonner af Ord, Regimenter af Ord, hvoraf det ene gør Digtet mér uforstaaeligt end det andet. Han har Digte, der er ganske storslagne i deres Ulæselighed. (Ibid. s. 66)

Det er interessant å sjå korleis Hamsun her tek på seg rolla som forsvararen av kultur og sivilisasjon mot det «Ordenes vilde Karneval» som han finn hjå Whitman. Under andre tilhøve kunne han kanskje ha «blevet en liden Wagner», men i Amerika, i «denne Afegn af Verden, hvor kun alt brøler Hurra, og hvor Folks eneste anerkendte Talent er Omsætningstalendet, maatte han blive en Forbytting, en Mellemting av Urvæsen og Nutidsmenneske» (ibid. s. 76).⁸

Ein annan litterær gigant, i alle fall sett frå amerikansk ståstad, Ralph Waldo Emerson, kjem ikkje stort betre frå det. Over nesten tjue sider kjem Hamsun jamt og trutt tilbake til at Emerson er ein middelmåtig tenkjar med ei velutvikla evne til «at kunne *sige Ting*», men kva desse tinga eigentleg er renn stort sett ut i sanden (ibid. s. 91). Ikkje uventa fokuserer Hamsun, som året etter skulle gje ut «Fra det ubevisste sjeleliv», på «hans uudviklede *psykologiske* Sands, og derpaa hans overudviklede *moralske*. Han har altfor skematiske Forestillinger om en Bog og et Menneske. De smaa sjælelige Rørelser, de fine Viljes- og Instinktsytringer, Subtilitetslivet med alle dets navnløse Fortoninger, har han intet Øje for» (ibid. s. 95). Emerson sin unitarbakgrunn blir òg offer for Hamsun sin ironi; den er tufta på «mindst mulig Reflektion» (ibid. s. 115). Resultatet er ein filosofi som reflekterer kulturen i landet den høyrer heime i: Den er grunn, tam og innhaldslaus. Emerson er «den amerikanske Moralmobs Æsop», og dei djupaste innsiktene hans er slike som «enhver

middels dannet Sporvognshest» er kjent med (ibid. s. 128). Det som denne drepende nasjonale narcissismen treng er *tvilarar*, «Mænd og Kvinder som tvivler paa, at Amerika er Verdens kulturrigste Nation. Den nationale Selvgodhed maa undermineres, Patriotismen maa faa et Knæk» (ibid. s. 130).

På same måte som litteraturen er biletkunsten steril, ufarleg, snerpete og – noko som kjem heller overraskande på lesaren – kvinnedominert: «I Amerika siger Kvinden, hvor Skabet skal staa» (ibid. s. 147). Scenekunsten er likeeins ein blodfattig affære. Også her vert utanlandske impulsar haldne effektivt på avstand ved at det er mest umogleg for ikkje-amerikanske skodespearar å få opptre på amerikanske scener. Og fråveret av heimlege dramatarar gjer at amerikanarane i staden heng opp portrett av Washington og Lincoln ved sida av Shakespeare i teatra!

Etter denne gjennomgangen av kulturen, vender Hamsun seg til «Aandslivets Virkninger» og byrjar med fridomsomgrepet: «Den amerikanske Frihed er lige saa latterligt nøjeséende og snæver i det smaa, som den jo ifølge Konstitutionen er vid og liberal i det store» (ibid. s. 180).⁹ Ein framand i dette landet vil oppleve at

hans Sympatier og Meninger blir ham dikterede, han har bare at føje sig eller tage Følgerne, han staar foran Frihedens Despotisme – en Despotisme, som er saa meget utaaleligere, fordi den udøves af et selvgodt, uintelligent Folk. Der skælnes ikke i Amerika mellem Frihed og Demokrati; for at opretholde et kompakt Demokrati, offerer man gjerne Friheden. (Ibid. s. 182)

Vi kan her sjå konturane av den eldre og demokratiskeptiske Hamsun. Posisjonen hans er ikkje utan vidare enkel å tolke, men det er tydeleg at han meiner at demokratiet held ved lag «den religiøse Fordummelse og den patriotiske Fanatisme» (ibid. sst.),

som m.a. resulterer i at sosialistar, anarkistar og nihilistar vert nekta tilgang til landet. Tilsvarande skildrar han eit rettssystem som berre gjev små bøter for rovmord, underslag og svindel, men som praktiserer dødsstraff for meiningar som går på tvers av «det demokratiske Frihedsdespoti» (ibid. s. 188). For Hamsun er denne røyndomen eit resultat av at amerikanarane er eit grunnleggande uopplyst folk; deira primære omsyn er «det materielle Velvære» (ibid. s. 196). Sjølv det religiøse livet er dominert av denne altoverskyggande materialismen, for «Amerikas Moral, det er Pengene» (ibid. s. 216).

I det siste underkapitlet i denne bolken, «Etikette», vida-refører han synet sitt på konflikten mellom demokrati og aristokrati gjennom ei samanlikning av britar og amerikanarar: «Engländerne er Aristokrater, Amerikanerne Demokrater» (ibid. s. 227). Det Hamsun kallar «Yankeenaturen» er ein materialistisk blodsugarkultur som berre tenkjer pengar. Amerikanaren er ein «Opkomling», og den amerikanske borgarkrigen var nett denne kulturen sitt oppgjer med og freistnad på å gjere til inkje aristokratiet i sør.

Det er òg eliten og aristokratiet som opptek han i «Slutning». Han stiller sjølv spørsmålet om det i dette enorme landet då ikkje finst «et Udvalg av Aandsmennesker, et Aandshof, en Salon, en Klasse, en Klik, fine Individier, adelige Sjæle?» (ibid. s. 248). Og svaret er kompromisslaust negativt: Ein elite i dette landet er utenkjeleg, for det er befolka av «Underlegenheder», i form av indianarane, det store fleirtalet av dei kvite, og ikkje minst dei svarte. Ja, Hamsun legg beint fram skulda for øydelegginga av sørstatsaristokratiet, og dernest av heile Amerika, på dei svarte sjølve. For Hamsun er dei svarte og demokratar to sider av same sak. Og det er ikkje nett kruttlappar han fyrer av her på dei siste sidene:

Folks Blod blev fra den Tid demokratisk blandet med Negres, og Intelligensen sank i stedet for at stige. Man paanødedes disse Sortes Samliv. Umenneskeligheden raned dem bort fra Afrika, hvor de hører hjemme, og Demokratiet gjorde dem til civiliserede Borgere stik imod al Naturens Orden. De har sprunget over alle mellemliggende Udviklingstrin fra Rotteslugere til yankeer. Nu bruges de til Præster, Barberere, Opvartere og Svigersønner. De har alle et hvidt Menneskes Rettigheder og tager sig alle en sort Negers Friheder. En Neger er og bliver Neger. [...] Negrene er og blir Negre, en Menneskebegyndelse fra Tropa, Væsner med tarmar i Hovedet, rudimentære Organer paa et hvidt Samfundslegeme. [...] I stedet for at danne en Aandselite, har man i Amerika grundlagt et Mulatstutteri. (Ibid. s. 251–252)

Dette er uvanleg sterk kost, sjølv frå den harde polemikaren Hamsun, men kanskje finn vi likevel her, i nett desse brutale karakteristikkane, ei forklaring på kvifor han seinare ikkje ville stå ved det han sjølv hadde skrive, eller i alle fall kvifor han ikkje ville ha boka med i ei samleverk-utgåve. Kanskje forstod den eldre og meir modne Hamsun at desse utfalla var langt under beltestaden, og uverdige for ein diktar som ville bli teken på alvor.¹⁰ For ein moderne lesar er avslutninga på boka i alle høve ei merkeleg oppleving, og ikkje fyrst og fremst på grunn av dei grovt rasistiske haldningane han legg for dagen; meir overraskande er det at denne kulturpessimisten, som mest konsekvent vel opponentrolla og som så kompromisslaust kritiserer det falske, talentause og undertrykkande, brått står fram som ein forsvarar av reaksjonære, aristokratiske maktstrukturar.

Vinje vs. Hamsun

Kan hende er dette ein relevant innfallsvinkel til b   dei to b  kene, for kvar st  r Vinje og Hamsun i h  ve til t.d. den grunnleggende sivilisasjonskritiske tradisjonen etter Rousseau, som dei b  e arva fr   romantikken?

Ved fyrste augekast st  r dei to fram med diametralt forskjellige posisjonar: Vinje g  r til   tak p   det aristokratiske, f  ydale Storbritannia, som han hevdar er styrt av ein liten og langt p   veg korrump elite; Hamsun forsvarar p   si side dei aristokratiske verdiane som S  rstatane representerte. Men som sitert ovanfor seier han   g noko som let til    motseie denne tolkinga, nemleg at den amerikanske kulturen er «en Kultur der har havt sin Tid i Europa og nu d  r i Amerika, det er den gamle engelske Kultur» (ibid. s. 17). Samstundes har dei ein sams motstandar i det moderne, og for b  e to er det moderne fyrst og fremst representert ved pengar, materialisme og framsteg. Vinje valde    reise til Storbritannia i 1863 fordi landet var sj  lve symbolet p   det moderne framsteget, og d   Hamsun vitjar Amerika ein liten generasjon seinare, har dette landet teke over denne avantgardistiske rolla. B  e to opps  ker samtida sitt framtidslaboratorium; dei ynskjer    vite kva ein, ogs   i Noreg, kan vente seg av den nye tid som er p   veg. Vinje rettar kritikken mot ein modernitet som med andre ord ikkje gjev noko reelt framsteg, men som sit fast i gamle strukturar, og nektar    sleppe vanlege folk til. Ja, han insinuerer n  rast at den britiske moderniteten er ein kvasi-modernitet, ein kamuflert f  ydalisme. Hamsun, p   si side, kritiserer ein modernitet som har avvikla eliten og erstatta han med ein massekultur som er lausrive fr   all danning og tradisjon. B  e to skildrar samfunn med korrupte rettssystem, manglande fridom (om s   av forskjellige grunnar), og ein religion som har mista si positive kraft – for Vinje fordi den er underlagt dei dominerande

og reaksjonære kreftene i samfunnet, og for Hamsun fordi den, som alt anna i Amerika, er styrt av pengekreftene.

Men kan hende blir det feil å påstå at både Vinje og Hamsun er motstandarar av framsteget, og rettare å seie at dei berre ikkje likar den forma det tek i høvesvis Storbritannia og Amerika. Dersom det dei observerer under opphalda sine i dei to framtidslaboratoria faktisk er det framsteget ber bod om, er dei ikkje nødvendigvis reaksjonære og tilbakeskodande, men ynskjer seg eit anna framsteg.

Som nemnt ovanfor skriv både Vinje og Hamsun frå og med eit periferiperspektiv, og kan hende er reaksjonane deira symptomatiske for kor grunnleggande forskjellig det var mogleg å oppleve og tolke dei enorme samfunnsendingane som fann stad i andre halvdelene av 1800-talet. Det er mest så ein kan sjå konturane, om aldri så uklare, av dei to store og totalitære ideologiane som skulle kome til å dominere Europa eit par generasjonar seinare: Vinje sitt perspektiv på samfunnet og menneska er konsekvent nedanfrå og opp, medan Hamsuns er ovanfrå og ned. Vinje har sympati med eit folk som ikkje slepp til og som vert halde nede av tunge og fastlåste strukturar, medan Hamsun fnys av eit samfunn der han meiner nett folket har teke kommandoen og kasta alle høgare ideal over bord.

Vil det ut frå dette periferiperspektivet vere rett å hevde at både Vinje og Hamsun lid under eit visst mindreverdskompleks, ei slags husmannsånd, kanskje til og med kombinert med eit noko oppblåse ego, som gjer at dei bære to meir eller mindre *ynskjer* å finne noko å kritisere? Har noko av den avvisande innstillinga å gjere med at dei kjem både frå eit land som ligg langt bak i utviklinga og frå eit sosialt lag som gjer at dei har endå mindre grunn til å rekne med at dei vil få del i det storslegne framsteget? Ligg det rett og slett ei form for misunning til grunn for den ofte bitande tonen, eller representerer desse to flogvita ein ny

kategori kritikarar, som ikkje er rekrutterte frå beste vestkant, men frå folket sjølv, og som difor heilt enkelt ser verda med nye og friske auge?

Truleg ligg sanninga – som så ofte – ein stad midt imellom. Både Vinje og Hamsun er sjølvsgt lynskarpe observatørar med ei dertil høyrande sjølvkjensle. Kanskje bør vi òg hugse på at debattklimaet på 1800-talet var eit anna enn i dag. Den offentlege debatten har utan tvil vorte meir disiplinert og frisert enn han var. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at dei to skribentane i nokon mon har teke farge av den britiske debattkulturen, som sjølvsgt òg gjorde seg gjeldande i Amerika. Dei som har lese noko av dei stormfulle og tungt polemiske diskusjonane om det moderne industrisamfunnet av slike meir eller mindre samtidige skribentar som John Ruskin, Matthew Arnold, Thomas Carlyle, Thomas Babington Macaulay og William Morris vil snart kjenne att ein temperatur og argumentasjonsmåte som ikkje ligg så langt unna til dømes Hamsun sine ramsalte karakteristikkar. Ja, kanskje ser vi i desse to bøkene ein noko unorsk og snarare internasjonal debattkultur som har gjort sitt til at dei to verka har blitt sett på som framande fuglar i den norske litteraturen.

Eit anna trekk ved båe bøkene er, som nemnt i innleiinga, at dei i større eller mindre grad er reisebøker. Dette gjev ei kopling til ein skapnad som både Vinje og Hamsun har eit nært tilhøve til, nemleg *vandraren*. Og sjølv om vandraren som litterær figur er gamal, verkar det i denne samanhengen naturleg å sjå han som knytt til det moderne. Vandraren er nett det rastlause og rotlause moderne mennesket, som – kanskje paradoksalt, kanskje ikkje – søker rotfeste og orden. Båe to kjem frå folkedjupet, frå det jordfaste. Båe er rivne opp med rota, og båe er på vandring og på leit. Vandrarperspektivet er med andre ord grunnleggande for korleis dei to observerer den moderne verda, og som så mange andre av kulturkritikarane på 1800-talet var dei skremde av det

nye og uforutseielege. Kvar ville den rivande utviklinga føre? Ikkje uventa såg dei etter stabiliserande faktorar og ei form for kulturelt leiarskap. Vinje vende blikket mot folket, som han sjølv kom frå, i opposisjon til den tradisjonelle eliten. Hamsun gjekk motsett veg; det amerikanske folket ga han inga lovnader om at det ville vere i stand til å aksle rolla som kulturberar, og dermed vende han seg mot den aristokratiske tradisjonen, som han ikkje berre hadde ein djup sympati for, men som han òg meinte hadde blitt audmjuka av den vulgære og pengejagande yankee-kulturen under borgarkrigen ein liten generasjon tidlegare. Hamsun viser med andre ord ei form for solidaritetskjennele med ei gruppe han ser som ufortent underkua, men som representerer høgverdig ideal.

Slik går båe bøkene i ein slags ring kring spørsmålet om sivilisasjonskritikk. På eitt vis kan både Vinje og Hamsun sjåast som kompromisslause sivilisasjonskritikarar, og ei slik tolking gjev meining dersom ein med sivilisasjon meiner den moderne industrikulturen der alt av posisjon og verdi blir målt i pengar. Men båe ser ut til å sikte seg inn mot ein annan målestokk, eller snarare andre målestokkar, på om eit samfunn er sivilisert eller ikkje. Ein kompliserande faktor er at båe òg har eit meir eller mindre ambivalent tilhøve til det moderne; ja, i nokon grad kritiserer båe to høvesvis Storbritannia og Amerika for *ikkje* å vere moderne – for å vere gamaldagse og styrte av gamle maktstrukturar.

Som ein konklusjon er det grunnlag for å sjå bøkene til Vinje og Hamsun som tilskot til ein stor og tung europeisk debatt, og Sigmund Skard har utvilsamt rett når han omtalar Vinje som «ein av våre store europeiske daningsapostlar» (Skard 1938 s. 11). Dei er sivilisasjonskritiske og modernitetskritiske innlegg som, trass i ein høgst uvitskapeleg tone, fortener å stå side om side med liknande bidrag frå samtidige kollegaar i andre land, og i ein slik samanheng er det interessant at dei er skrivne ikkje

berre ut frå eit periferiperspektiv, men òg at dei trass i svært ulike konklusjonar gjev inntrykk av å leite etter positive førebilete for både sivilisasjon og modernitet, som kan tene til å korrigere den samtidige utviklinga. I ei tid der både Storbritannia og Amerika står midt i kriser der dei tradisjonelle verdiane og den nasjonale identiteten vert sette på prøve, er det som om Vinje og Hamsun, idet dei skreiv om si eiga samtid, òg evna å sjå langt framfor seg. Dèt er dei færraste forunnt.

Notar

- 1 Vinje og Hamsun ytra seg sjølvsgt òg om både Storbritannia og USA i andre samanhengar. Mellom anna inneheld *Drammens Tidende*-korrespondansen til Vinje, frå åra 1851 til 1859, fleire omtalar av Storbritannia som kan tyde på at han alt før opphaldet der hadde gjort seg opp ei grunnleggjande meining om landet. Og i 1862, dvs. året før den engelske originalutgåva kom ut, skreiv han òg utførleg i *Dølen* om opphaldet i Storbritannia. Den fylgjande diskusjonen vil likevel avgrense seg til dei to bøkene, og går heller ikkje inn på kva tilhøve Vinje hadde til USA og Hamsun til Storbritannia. For ein diskusjon om sistnemnde, sjå Fjågesund 2009.
- 2 Alle norske sitat er henta frå fyrsteutgåva frå 1873.
- 3 Sjå til dømes Carbone og D'Amico 2011.
- 4 Næss har mellom anna har ein ganske nådelaus gjennomgang av Hamsun sin kjeldebruk.
- 5 Også seinare i boka seier Vinje seg lei for at Dickens har «vordit neddregen i Handels-Kvervilen» (ibid. s. 151).
- 6 Hadde Vinje fått leve fem år til hadde han nok sett pris på og funne att mykje av sitt eige syn i t.d. Anthony Trollopes drepende kritikk av den moderne kapitalismen i romanen *The Way We Live Now* (1875).
- 7 Sigmund Skard er inne på det same: Skard 1976, s. 258.
- 8 Apropos sentrum og periferi: Det er tydeleg at Hamsun her sjølv meiner å representere eit slags sentrumperspektiv i høve til Amerika, som han avskriv som ein «Afegn af Verden» (ibid. s. 76).
- 9 Ein kan spekulere på om Hamsun, som på denne tida òg tok eit oppgjær med Ibsen, kan ha irritert seg over korleis Amerika i t.d. *Samfundets støtter* (1877) framstår nærast som eit utopisk lykkeland, som i denne uttala til Frøken Bernick: «'O, hvor ofte har jeg ikke i skolestuen stundet dit over! Der ute må det være skjønt; en større himmel; skyene går høyere enn her, en friere luft svaler over menneskenes hoder – '» (Ibsen 1952, b. IV s. 96).
- 10 I 1927 uttala den 68 år gamle Hamsun seg på nytt om Ameri-

ka, i det vesle essayet «Festina Lente», der han framstår som mest tannlaus og smiskande andsynes Amerika, samanlikna med fyrverkeriet han produserte 38 år tidlegare. Sjø elles Monika Žagar sin grundige gjennomgang av Hamsun sine haldningar til rasespørsmålet, Žagar 2009 s. 111–135.

Litteratur

- Bergsgård, A. (1940). *Aasmund Vinje: Norsk nasjonal konservatisme*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Carbone, E. og Guiliano D. (utg.). (2011). *Lyset kommer frå sør: Itali-
as frihetskamp sett av datidens norske forfattere*. Oslo: Gyldendal.
- Djupedal, R. (utg.). (1970–73). *Aasmund Olavsson Vinje. Dølen. Eit
Vikublad*. (Bd. I–IV). Oslo: Noregs Boklag.
- Fjågesund, P. (2009). «‘A Cool Reception’: Hamsun in Britain», i
Fjågesund, P. (utg.), *Knut Hamsun Abroad: International Recep-
tion*. London: Norvik Press.
- Hamsun, K. (1889). *Fra det moderne Amerikas Aandsliv*. Køben-
havn: P. G. Philipsens Forlag.
- Haarberg, J. (1985). *Vinje på vrangen: Momenter til revurdering av en
nasjonal klassiker*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ibsen, H. (1952). *Samfundets støtter. I: Samlede verker* (Bb. IV).
Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Lefevere, A. (1992). *Translation, Rewriting and the Manipulation of
Literary Fame*. London: Routledge.
- Næss, H. S. 1969. *Knut Hamsun og Amerika*. Oslo: Gyldendal
Norsk Forlag.
- Skard, S. (1938). *A.O. Vinje og antikken: Studier i norsk åndshistorie*.
Oslo: Det norske videnskaps-akademi.
- Skard, S. (1976). *USA i norsk historie: 1000 – 1776 – 1976*. Oslo: Det
norske samlaget.
- Vesaas, O. (2001). *A.O. Vinje: Ein tankens hermann*. Oslo: Cappe-
len.

Vinje, A.O. (1863). *A Norseman's Views of Britain and the British*.
Edinburgh: William P. Nimmo.

Vinje, A.O. (1873). *Bretland og Britarne*. Kristiania: Det norske
Samlaget.

Žagar, Monika. (2009). *Knut Hamsun: The Dark Side of Literary
Brilliance*. Seattle & London: University of Washington Press.